



INNOVASJON NORGE
Postboks 448 Sentrum
0104 OSLO

Dato: 05.03.2019
Vår ref.: 2019/1638-1
Saksbehandlar: tormons
Dykkar ref.:

Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018 - 2019

Tildelingsbrev til Innovasjon Norge Hordaland 2019–kr. 23 440 000 Tilsegn-024-2019

Fylkesutvalet vedtok Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland for 2018-2019 – budsjett 2019 i møte 31. januar 2019, sak 6/2019. Den totale økonomiske ramma i Handlingsprogrammet for året 2019, er kr 67 334 000. Fylkeskommunen overfører årleg eit beløp til Innovasjon Norge, som er øyremerka til bedriftsretta tiltak for å realisera måla og strategiane i Handlingsprogrammet. Denne overføringa er i 2019 på kroner 23 440 000. På trass av ein kraftig reduksjon i den statlege overføringa, opprettheld fylkeskommunen løyvinga på same nivå som i 2018 gjennom interne omprioriteringar.

Målgruppa for midla er små og mellomstore bedrifter, og etablerarar i verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte i Hordaland fylke. Det vil seie kommunane Masfjorden, Fedje, Modalen, Vaksdal, Samnanger, Kvam, Voss, Granvin, Kvinnherad, Tysnes, Fitjar, Etne, Ulvik, Eidfjord, ullensvang, Odda og Jondal. Det presiseres at sjølv om Innovasjon Norge Hordaland no er samanslått med Sogn og Fjordane, så skal midla gå til bedrifter og etablerarar i Hordaland fylke.

1. Overordna føringar

Arbeidet som Innovasjon Norge Hordaland skal utføre er basert på dei oppdragsbreva som kjem frå eigarane; staten og fylkeskommunen. Frå Hordaland fylkeskommune sin del legg vi Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 og Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019 (HNH), samt budsjett 2019 vedtaket, til grunn for alt arbeid som vert gjort med utviklingsmidla. Vi viser òg til oppdragsbrev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) til Hordaland fylkeskommune for 2019 (vedlagt). Regjeringa sine regional- og distriktpolitiske mål er: regional balanse gjennom vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar i heile landet. Ein berekraftig region har ei balansert befolkningssamansetting, og forvaltar ressursane, både dei menneskelege og naturen, for utvikling og verdiskaping, no og i framtida.

2. Oversikt over tilsegn stilt til disposisjon for 2019

I Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland for 2018-2019 – budsjett 2019, er det vedteke to store satsingar. Dette er:

1. Fornybarsatsing, grøn konkurransekraft og partnerskap, og klimarettatiltak

2. Omstilling og nyskaping.

Det er ynskjeleg at Innovasjon Norge Vestland har eit særskilt fokus på desse områda.

3. Mål for Innovasjon Norge Hordaland sin aktivitet

Ein av hovudstrategiane i næringsplanen er punkt 4.3 Meir entreprenørskap og innovasjon med følgjande innsatsområde: 1. Fleire gode grundere. 2. Fleire vekstkraftige verksemdar. 3. Fleire innovative næringsmiljø. Dette er samanfallande med Innovasjon Norge sine eigne mål.

4. Fylkeskommunen si vektlegging av måla

I HNH 2018 - 2019 har fylkesutvalet vedtatt spesielle innsatsområder under strategien Meir entreprenørskap og innovasjon. Dei som er spesielt retta mot Innovasjon Norge Hordaland er: Direkte støtte til bedrifter:

Vekst i eksisterande bedrifter gjennom målretta bruk av tilskot og lån. Arbeide for å sikre kompetent og langsiktig kapital til nye idear og nye bedrifter, slik at fleire kjem gjennom oppstartsfasen og over i ein vekstfase. Mobilisere til forskingsbasert innovasjon i bedriftene, mellom anna gjennom MobiFORSK, RFF Vestlandet og deltakarane i Regionalt FoU-forum.

5. Koordineringsbehov

Hordaland fylkeskommune er leiaren av den regionale partnerskapen for regional næringsutvikling, ansvarleg for strategisk planlegging og har det politiske ansvaret for heile breidda i det regionale samordnings- og utviklingsarbeidet, jamfør næringsplanen og handlingsprogrammet. Innovasjon Norge Hordaland har som formål å fremje bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling, og utløyse ulike distrikt og regionar sine næringsmessige muligheter gjennom å bidra til innovasjon, internasjonalisering og profilering basert på prioriteringar gjort i næringsplanen og handlingsprogrammet

For å sikre at Hordaland fylkeskommune er godt informert om utfordringane i fylket og i organisasjonen, skal det vere dialog mellom fylkeskommunen og Innovasjon Norge Hordaland i forkant av eigarmøta i Innovasjon Norge. Det skal òg vere kvartalsvise statusmøter, der administrativ leiing frå fylkeskommunen møter direktør frå Innovasjon Norge Hordaland. På annakvart møte deltek òg politisk nivå i fylkeskommunen. I anledning eitt av desse treffpunkta i 2019, er det ynskjeleg med eit felles møte med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det er fylkeskommunen som er ansvarleg for å sikre at denne dialogen vert gjennomført.

For Hordaland fylkeskommune er Innovasjon Norge ein sentral og viktig samarbeidspartnar, med stor og viktig kompetanse for regionen. Det er difor viktig at Innovasjon Norge deltek aktivt i den regionale partnerskapen og i regionale samarbeidsorgan, som til dømes Regionalt Næringsforum. Samt i prosessar, som til dømes i arbeidet med regionreforma, og spesielt knytt til arbeidet med å desentralisere oppgåver frå staten til fylkeskommunen.

Hausten 2018 vart det signert ein partnerskapsavtale mellom Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Innovasjon Norge Vestland, SIVA, og Norges Forskningsråd. I avtalen vart det definert to ambisjonar ein vil samarbeide særskilt om; katapult-ordninga og klyngeprogrammet. Det vil her vere behov for god dialog spesielt rundt utviklinga av klyngeprogrammet, sidan dette er forvalta av Innovasjon Norge.

6. Særlige regionale tilpassingar

Nettverk

Midla som fylkeskommunen løyver til Innovasjon Norge i kategorien 550.62, kan nyttast til ordninga bedriftsnettverk, inkludert fylkesoverskridande nettverk. Midla vil følgje dei same krava om tilhørighet i distrikta som tidlegare.

Omstilling og nyskaping

I HNH 2018-2019 vert det peika på at utvikling av langsiktig omstillingsevne er viktig for fylket. Ifølge KMD kan midla til omstilling nyttast i alle kommunar, og ikkje berre innanfor det distriktspolitiske området. Dette inneber at omstillingsmidla kan nyttast til konkrete prosjekt for etablerte bedrifter (SMB-ar) i heile fylket. Vi ynskjer, som tidlegare år, eit nært samarbeid med Innovasjon Norge når det gjeld førebuing og gjennomføring av omstillingsprosjekt og program.

Styrka satsing på entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling

Den årlege styrka satsinga på entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling på kr 900.000, inngår no som ein del av tilskotet på kr 23 440 000. Jamfør endringa som vart gjort frå og med 2018. Bakgrunnen for denne satsinga er eit fokus på at det er viktig med ei styrka og god koordinering av alt målretta arbeid med entreprenørskap i Hordaland. Partane er samde om at eit sterkt og variert økosystem for entreprenørskap, både med offentlege og private aktørar, over tid vil bidra til varige konkurransefordelar for gründerfylket Hordaland. Innovasjon Norge Hordaland skal vere det sentrale, operative organet for ei fortsatt styrking av entreprenørskapsarbeidet i fylket.

Brukargruppe

Hordaland fylkeskommune ynskjer framleis eit spesielt fokus på kvinner, og at ein har eit mål om at 40 % av dei næringsretta verkemidla skal gå til bedrifter med kvinneleg leiar eller eigar. Jamfør mål og tiltak i strateginotat frå Innovasjon Norge Hordaland, «Auka kvinneandel i bruk av næringsretta verkemiddel», datert 16.10.2015.

7. Krav til dokumentering av resultat og rapportering

Fylkeskommunen skal sende tildelingsbrev innan 1. mars, så snart rapport for forrige år er motteken. Midla frå Hordaland fylkeskommune til Innovasjon Norge vert overført to gonger i året, første gong rett etter at tildelingsbrevet er sendt, samt 1. september. Midla skal stå på ein eigen renteberande konto. Midla vert gitt til Innovasjon Norge Hordaland som tilskot utan tilbakebetaling. Dette gjer det mogeleg for Innovasjon Norge Hordaland å overføre rammer frå eitt år til eit anna for å kunne ta høgde for finansiering av større prosjekt. Tildeling som vert heil- eller delannullert vil på same måte kunne leggjast til ramma uavhengig av annulleringstidspunkt. Dersom føresetnadane for utbetaling ikkje er oppfylte, vil fylkeskommunen kunne krevje heile eller delar av tilskotet tilbakebetalt.

IN Hordaland skal rapportere på bruken av verkemidlar til fylkeskommunen innan 15. februar kvart år. Dette kjem i tillegg til sentral rapportering mellom IN sentralt og KMD. Overføring av rammer mellom år, samt renter som vert lagt til ramma, skal presiserast i rapporteringa. Ein tek atterhald om eventuelle endringar i rapporteringsrutinane. I utgangspunktet kan Innovasjon Norge sitt eige resultatmålingssystem nyttast.

Med talmaterialet skal det følgja ein kort, verbal analyse knytt til dei ulike satsingsområda og den regionsvise fordelinga. Innovasjon Norge må elles vera førebudd på å framskaffe andre, økonomiske oversikter i samband med mogelege pålegg frå KMD, eller etter ønskje frå fylkesutval/fylkesting. Ein føreset at Innovasjon Norge rettar seg etter dei retningslinene som departementet har lagt fast i samband med mål- og resultatstyring i høve til midlane frå KMD.

Fylkeskommunen har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskotet vert haldne. Innovasjon Norge pliktar derfor å gje dei opplysningane som fylkeskommunen ber om, og som er regulerte i avtalar og

retningslinjer. Etter Stortinget sitt løyvingreglement har Riksrevisjonen rett til å kontrollera at tilskotet vert nytta etter føresetnadene.

8. Kommunikasjon

Det er ynskjeleg at Innovasjon Norge Hordaland aktivt skal profilere fylkeskommunen i samband med forvaltning av overførte midler. Innovasjon Norge har i brev til fylkeskommunen, datert 6.juni 2006, gitt innspel til strategi for profilering. Denne avtalen byggjer på desse prinsippa, og følgjande aktivitetar vil vere sentrale: - Presisere samarbeidet med fylkeskommunen i presentasjonar - Presentere samarbeidsforholdet muntlig i kundesamtaler - Bruka fylkeskommunen sin logo når IN inviterer til møter/seminar der det vert brukt fylkeskommunale midlar - Andre tiltak skal vurderast

Oppdraget og medfølgjande tildelingar føreset at partane følgjer intensjonane i avtalar og regelverk, og held god kontakt undervegs. Særleg er det viktig at fordeling av arbeidsoppgåver som gjensidig ligg tett opp mot kvarandre, vert klargjorde.

Kontaktperson hjå oss er: Næringsssjef Mette Nora Sætre.

Vi ser fram til eit godt samarbeid, og ynskjer lukke til i det vidare arbeidet i 2019.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre
næringsssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
INNOVASJON NORGE
KOMMUNAL- OG
MODERNISERINGSDEPARTEMENTET
Fylkeskassen - Øk - og org avd

Vedlegg

- 1 Tilskotsbrev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2019
- 2 Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018 - 2019 - budsjett 2019